



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD MØTEBOK

Møtestad: Rådhuset i Ølen
Dato: 26.08.26
Tidspunkt: kl 16.00

Medlemmer:	Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, leiar Dag Tormod Milje, geistleg representant, nestleiar (har meldt forfall) Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd Lars Bernhard Skipevåg, Imsland sokneråd Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd Asle Dagsland, kommunal representant Karianne Dagsland, Skjold, Vats, Vikebygd sokneråd (har meldt forfall) Bjørghild Vetarhus, Vikedal sokneråd Eli Kolstad, kommande geistleg representant
------------	--

Vara:
Malin E. Krakk (SVV sokneråd)

--	--

Kyrkjerverje: Grethe Halvorsen

Evangelietekst

Matteus 20,1–16

Likninga om arbeidarane i vingarden

1 Himmelriket kan liknast med ein jordeigar som gjekk ut tidleg om morgonen for å leiga arbeidsfolk til vingarden sin. 2 Han vart samd med arbeidarane om ein denar for dagen og sende dei bort i vingarden. 3 Så gjekk han ut omkring den tredje timen og fekk sjå nokre andre som stod ledige på torget. 4 Han sa til dei: 'Gå bort i vingarden, de òg! Så skal eg gje dykk det som er rett.' 5 Og dei gjekk. Sidan gjekk han ut omkring den sjette og den niande timen og gjorde like eins. 6 Då det leid til den ellefte timen, gjekk han ut att og fann endå nokre som stod der. Han seier til dei: 'Kvifor står de her arbeidslause heile dagen?' 7 'Fordi ingen har leigd oss', svara dei. Då sa han: 'Gå bort i vingarden, de òg.'

8 Då det leid til kvelds, sa vingardseigaren til forvaltaren sin: 'Kall fram arbeidsfolket og lat dei få løna si! Ta til med dei siste og hald fram til dei første.' 9 Så kom dei som var leigde omkring den ellefte timen, og fekk ein denar kvar. 10 Då dei første kom, venta dei å få meir; men dei fekk kvar sin denar, dei òg. 11 Dei tok imot pengane, murra mot jordeigaren 12 og sa: 'Dei som kom sist, har ikkje arbeidd meir enn ein time, og så set du dei likt med oss som har slite og sveitta heile dagen!' 13 Han sa til ein av dei: 'Ven, eg gjer deg ikkje urett. Var vi ikkje samde om ein denar? 14 Ta ditt og gå! Men eg vil gje han som kom sist, like mykje som deg. 15 Har eg ikkje lov å gjera som eg vil med det som er mitt? Eller ser du med vonde auge på at eg er god?' 16 Såleis skal dei siste bli dei første og dei første dei siste.»



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
* Saksliste	Fellestrådet	26.08.26

Saksliste:

35/26	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ SIST MØTE
36/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
37/26	REFERATSAKER
38/26	ORIENTERINGSSAKER
39/26	TILSTANDSRAPPORT VIKEDAL KYRKJE
40/26	INFORMASJON TILTAKSPLAN
41/26	SAMANSLÅING AV FELLESRÅDA I TYSVÆR OG VINDAFJORD
42/26	ØKONOMIRAPPORT
43/26	BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2027
44/26	VEDTAK GRAVPLASSVEDTEKTER
45/26	BRUK AV KLP-PREMIEFOND



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
35/26	Fellesrådet	26.08.26

GODKJENNING AV MØTEBOK

Kyrkjeverja tilrår:

Møtebok frå sist møte vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå sist blei godkjend.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
36/26	Fellesrådet	26.08.26

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kyrkjeverja tilrår:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjend.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
37/26	Fellestrådet	26.08.26

REFERATSAKER

37/26 -1 Universell utforming Vats kyrkje

Me skal i gong med arbeidet i Vats kyrkje. Komiteen som skal følgje opp arbeidet er Steinar Sørhus, kyrkjevevja og Magnor Vårvik. Sistnemte har jobba som snekker i alle år. Fellestrådet har sendt ut nabovarsel. Kommunen har gjort vedtak. Søknaden er godkjent. I juni sendte kyrkjevevja og økonomiavdelinga ut anbud til 3 bedrifter. Desse skal svara innan 28.aug. Statsforvaltaren har godkjent, me ventar på godkjenning frå Fylkeskommunen.

37/26 -2 Trerekke i Sandeid

Statsforvaltaren påpeikte at det manglar ei trekke langs gjerdet på gravplassen mot nord. Dette vil me få på plass om ikkje i haust, så til våren. Godkjenning må innhentast hos Statsforvaltaren og Fylkeskommunen.

37/26 - 3 Døske – kontoen

Kyrkjevevja har snakka med sonen til Arne Døske. Han seier at for hans del kan soknerådet i Insland bruke rentene eller heile beløpet til vedlikehald av kyrkja. Det er ordna dokumentasjon på dette.

Sakene vert tekne til orientering



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
38/26	Fellestrådet	26.08.26

ORIENTERINGSSAKER

38/26 – 1 Tilsett ny kyrkjetenar i Vats

Kjell Sigmund Bakke er tilsett som kyrkjetenar i Vats kyrkje i 25% stilling.
Øystein Bredal Borch er tilsett som kantor (organist) i 100%. Han startar 01.09.26

38/26 – 2 Avtale om tilkobling av vassledning

A&B Andreassen har spurt om midlertidig å få kople seg på vassledninga som går over tomte han har kjøpt. Vassledninga går til kyrkjegarden på Søndena. Kyrkjevevja har laga til ein avtale som begge må signere.

38/26 – 3 Møtet med kommunedirektøren

Fellestrådsleiar og kyrkjevevja hadde eit møte med kommunedirektøren, der dei la grundig fram korleis stoda er i kyrkjene, både det arbeidet som blir drive, og sjølv kyrkjebygga. Han hadde forståing for at me slit med mykje etterslep av vedlikehald, og sa at det er same situasjon i kommunen. Han takka for grundig informasjon, men kunne ikkje lova oss meir midlar.

38/26 – 4 Vernerunde

Verneombod Tove Vaka og kyrkjevevja var ein vernerunde i alle kyrkjene. Det ser stort sett bra ut, men det manglar litt merking av trinn og skilt for nødutgongar. Dette vil bli sett på plass i haust.

Sakene vert tekne til orientering



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
39/26	Fellestrådet	26.08.26

Tilstandsrapporten for Vikedal kyrkje (sjå vedlegg)

Vedlagt ligg tilstandsrapporten for Vikedal kyrkje. Fellestrådet må drøfte korleis me tek denne saka vidare. Kva er viktigast å gripe fatt i?

Forslag til vedtak:

Fellestrådet må undersøkje om det er risikabelt å bruke Vikedal kyrkje ut i frå tilstandsrapporten. Det må gjerast ein prioritet på kva som må gjerast først og finne ut kva kostnader det dreier seg om.

Sakshandsaming:

Det blei foreslått å få inn ei vurdering frå ein tømrar som har greie på gamle bygningar. Han bør sjå på t.d vinduene. Ut i frå rapporten må me først ordne skiferen på taket, få ei vurdering på pipeføring og reparere renner og nedløp. Kyrkjeverja undersøker dette.

I rapporten kom det fram at det er fleire behov for vedlikehald og utbetring. Vikedal kyrkje er 150 år i 2031. Me vil leggje ein langsiktig plan for å få utført ein del av dette fram mot jubileet.

Samrøystes vedtak:

Kyrkjeverja ordnar ei vurdering frå ein tømrar, med kompetanse på gamle bygningar. Tak, pipeføring, renner og nedløp vil bli sjekka ut /ordna først. Det vil bli laga ein plan for meir vedlikehald fram mot jubileet i 2031.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
40/26	Fellesrådet	26.08.26

Informasjon om oppgradert tiltaksplan.

Her ser de kva som har blitt ordna og kva som har blitt tilføyd sidan sist.

Tiltaksplan for Vindafjord kyrkjelege fellesråd 2026 25.08.26

Tiltak	Merknad	Prisoverslag
Nytt brannslukkeutstyr	Måtte skiftast	110 000
Nye dører Vikedal kyrkje	Ok, investering	208 000
Universell utforming Vats	1 mill i investeringsmidler Jobben er ute på anbud	1 400 000
Vats kyrkje, lekkasje pipe	Håkull/Ersland i juni	20 000,-
Tilstandsrapport Vikedal kyrkje	Omega 365: Rapporten er komme	38 000,-
Oppgradering av lyssetting Skjold kyrkje	Må ordnast snarast Søke om enøk-midler?	Ca 150 000,-
Lekkasje klokketårn Imsland		
Fikse ytterdør / ny ytterdør Bjoa	Førre Trevare Sendt bilder og mail	
Tak over inngong Ølen kyrkje	Godkjent Soknerådet har 50 000 på oppussingskonto	Må kanskje støtte med 20 000,-?
Minnelund Vats	Anonym gåve Saka ligg fortsatt til godkjenning hos Statsforvaltaren	
Orgel Vikedal Orgel tilsyn	Stemming av 3 orgel i året?	
Enøk.tiltak	Varmepumper: Det må søkjast til Bispedømmerådet.	Vestbø inneklime: 34900,- (inkl moms) 9 kW, 16 A sikring Lauareid service:

		ca 50-100 000,- LOS Varmepumpe Etne: 24 000,- + moms (Sandeid)
Beplanting Sandeid gravplass	Det manglar tre langs kanten av gravplassen. Forslaget må til godkjenning hos statsforvaltar og fylkeskommunen	Me kan bruke eit Fond som heiter «Forskjønning kyrkjegardar»
Elektronisk ringesystem Vikebygd		Olsen Nauen Klokkestøperi: 350 000,-
Sandeid kyrkje, ny bordkledning tårn Rehab. av vinduer mot sør	Vil bli sett i gong i haust	250 000.-
Ølen gravplass, utviding	Saka har stoppa opp i følge komm.direktøren	
Nytt kjøkken Vikebygd	Midler frå stiftelse Pågår	
Lydanlegg Ølen kyrkje	Innsamling pågår, lydanlegget er kjøpt inn	20 000,- i støtte frå fellesrådet ?
Årleg maling, ei kyrkje anna kvart år	Ekstra bevilging frå kommunen?	
Minnelundar Sandeid/Skjold	Ekstra bevilging frå kommunen?	
Ordne gjerde Sandeid		
Vikedal gravplass, drenering	Utsett	
Bårehus Ølen kyrkjegard	Treng renovering Kjem dette inn på plan for ny gravplass?	Midlar frå kommunen sine avsette pengar til utviding av kyrkjegarden?
Bårehus Skjold kyrkjegard		

Harald Olav undersøker erfaringar med varmepumpene i Skånevik kyrkje. Kyrkjevevja sjekkar ut erfaringar med varmepumpene i Tysvær.

Investeringsbudsjett:

Me har 1 680 000 kr til investering i 2026.

Vedtak for investeringsmidlar 2026:

Universell utforming i Vats 1 100 000,-

Dørene i Vikedal kyrkje 208 000,-

Enøk-tiltak i kyrkjene 200 000,-

(Me har att ca 170 000 kr som sannsynlegvis går til Universell utforming i Vats)

Me har sett opp nokre av tiltaka på ein eigen Investeringsplan som går fram til 2032. (sjå under)

Investeringstiltak Vindafjord kyrkjeleg fellesråd (H.O.S)

Tiltak	2027	2028	2029	2030	2031
Utviding Ølen kyrkjegard 1)	10 mill				
Drenering Vikedal gravplass				5 mill	
Minnelund Sandeid Kyrkje			500 000,-		
Minnelundar andre kyrkjer				500 000,-	500 000,-
Minnelund Skjold		500 000,-			
Oppgradering av Vikedal kyrkje		* skal lagast plan	*	*	*
Elektronisk ringesystem Vikebygd kyrkje		350 000,-			
Enøk tiltak i kyrkjene – varmepumper?	250 000,-	250 000,-			
Minnelund Vats, planlegging 2)	100 000,-				
Elektronisk ringesystem i kyrkjer som manglar			300 000,-	300 000,-	300 000,-



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
41/26	Fellestrådet	26.08.26

Samanslåing av fellestråda i Tysvær og Vindafjord

Innvilga forsøk med endra representasjon til nytt fellestråd

Kirkerådet har innvilga forsøk med endra representasjon til nytt kyrkjeleg fellestråd for Tysvær og Vindafjord, 13.07.26. Forsøket skal evaluerast innan 2030, og rapport sendast til Kirkerådet.

Høyringsinnspel og vedtak

Saksorientering

Denne saka har vore til ei rekke behandlingar i fellestråda i Tysvær og Vindafjord. Nå sist på fellestråda sin møter 3. og 4.juni. Her vart det gjort følgande vedtak:

- Fellesnemnda tilrår Tysvær kyrkjelege fellestråd og Vindafjord kyrkjelege fellestråd om å gjera slike vedtak i møta 3. juni:*
 - Vindafjord kyrkjelege fellestråd ynskjer å slå seg saman med Tysvær kyrkjelege fellestråd frå 1. januar 2027. Namnet blir «Tysvær og Vindafjord Kyrkjelege Fellestråd»*
 - Saka blir sendt ut på høyring til sokneråda med svarfrist 20. august. Kyrkjevevje og prosjektsekretær blir bedt om å senda saka på høyring til dei andre organa som skal høyrast.*
 - Etter at høyringssvara er kome inn vil fellestrådet gjera eit endeleg vedtak for eller mot samanslåing 26. august.*
 - Fellesnemnda får fullmakt til å arbeida vidare med saka, men det skal takast atterhald om endeleg vedtak 26. august*
- Fellestrådsleiarane blir bedne om å orientera ordførar om utfallet etter fellestrådsmøta, og kyrkjevevjene/ prosjektsekretær blir bedt om å orientera kommunedirektør, bispedømmekontor og Kyrkjeråd.*
- I tråd med vedtak i sak 13/26 i Fellesnemnda blir fylgjande vald til tilsettingsnemnd: Ingvar Frøyland, Torleif Susort, Marit Sofie T. Vikre, Steinar Sørhus, Karianne Dagsland og Esther L. Åsheim*
- Høyringsdokumentet lagt fram i saka blir nytta*

5. *Fellesrådet i Tysvær viser til brev frå tilsette i Tysvær KF, datert 2.6.2026 og ber om at kyrkjeverjene saman med prosjektleiar ser nærare på konsekvensane av ei samanslåing.*

Saka vart sendt ut til høyring og det er i tråd med punkt 5 ovanfor, parallelt med høyringa, utarbeida eit dokument som ser nærare på konsekvensane av ei samanslåing.

Sokneråda i Tysvær har alle gjort vedtak i saka. Vedtaka støttar opp om samanslåinga. I to av råda var det eit mindretal som enten stemte blankt eller som stemte mot samanslåinga. I Førresfjorden stemte to blankt, i Nedstrand Sokneråd var det ei stemme mot. Det vart i vedtaka peika på at det er viktig å få tatt dei tilsette med i vidare arbeid. Sjå vedlagte vedtak for konkret ordlyd i vedtaka.

Sokneråda i Vindafjord har og uttrykt støtte til samanslåinga. 4 av 5 har formalisert dette i form av vedtak eller samtykke. Det siste kjem antakeleg neste veke. Slik saka står er det klargjort at sokneråda i Vindafjord støttar opp om samanslåinga.

Saka er vidare sendt til tillitsvalte for uttale. Det er og gjennomført møter i medverknadsorganet som er oppretta i saka. Vedlagt føl signert protokoll frå siste møte i Medverknadsorganet. Av protokollen vil det gå fram at det er uenighet mellom fagorganisasjonen Spir og arbeidsgivar om det er lagt til rette for tilstrekkeleg medverknad i prosessen. Det går vidare fram av protokollen at det her vart presisert at det er opning for at dei som ønske det kan koma med høyringssvar innan høyringsfristen 20.august. Muligheten for å koma med høyringssvar er ikkje avgrensa til dei instansane som konkret har fått saka tilsendt til høyring.

Kommunane må uttale seg innan ein søknad om samanslåing kan behandlast av Kyrkerådet. Begge kommunar vil ta saka opp i formannskapa for politisk behandling. Formannskapa har først møte 1. september (Vindafjord) og 8. september (Tysvær). Tidlegare har kommunedirektørane uttrykt seg positivt til prosessen og det føreligg ein sams forståing for korleis ein skal kunne ivareta kontakt mellom kommunane og fellesrådet ved ei samanslåing, særleg då med tanke på at kommunane har finansieringsansvar for gravplassane og kyrkja lokalt.

Stavanger biskop og Bispedømmeråd uttale seg positivt til planane om samanslåing. I uttalen peikar dei mellom anna på viktigheten av god arbeidsgivaroppfølging av dei tilsette samt at det må sikrast gode rammer for kontakt mellom ulike råd, arbeidsgivarlinjer og kommunane.

Ein av dei viktigaste avklaringane har vore å få på plass ei samansetjing av fellesrådet som vert opplevd som god og rettferdig. Kyrkerådet har på førehand godtatt ei prøveordning der alle sokn har minst ein representant inn i det nye Fellesrådet. I tillegg vert det gitt rom for at større sokn kan stilla med fleire representantar i det nye Fellesrådet. I praksis får sokneråda i Tysvær stille med 1 eller 2 ekstra representantar for å få ei god (og lik) vektig mellom dei to kommunane. Rådet vert då rimeleg stort og må derfor ha eit arbeidsutval som får delegert avgjerdsmynde og har hyppigare møter. Prøveordninga er godtatt frå 2027 og til utgangen av neste valperiode. Det er vidare gitt signal på at prøveordninga kan søkast forlenga etter evaluering.

Fagforeningen Spir har organiserte både blant prestane og dei fellesrådstilsette. På vegne av dei fellesrådstilsette har Spir kome med ein uttale der dei ikkje støttar samanslåinga. Dei grunngir dette mellom anna med «*Korte fristar i beslutningsfasen, og einsidig fokus på administrasjon, har gjort det vanskeleg for våre faggrupper å kunne engasjere seg og nå*

fram med sine synspunkt» Dei peikar vidare på at konsekvensutgreiinga burde følgt fellesrådet sitt «framlegg i vedtak 3.juni». Tillitsvalt for prestane i Spir har i epost ingen kommentarar til konsekvensutgreinga.

Tilsettrepresentant i administrasjonsutvalet i Tysvær uttalar at fleirtalet av dei tilsette ikkje støttar samanslåing. Det vert peika på at prosessane etter deira vurdering har gått for fort og at det ikkje er god nok oversikt over korleis arbeidssituasjonen til dei ulike faggruppene blir etter ei samanslåing.

Fellesrådet i Vindafjord bør byggje sine vedtak på ulike moment. Det er slik kyrkjevevja ser det viktig å sjå på korleis desse tre aktørane stiller seg:

- Sokneråda
- Tilsette
- Kommunane

Sokneråda i Vindafjord har stilt seg positive til endringane. Her har samanslåingsprosessen støtte.

Blant dei tilsette i Vindafjord er det eit litt meir samansett bilde. Det er noko skepsis blant personalet som er tilsett i Fellesrådslinja. Sokneprestane støtta opp om samanslåinga.

Kommuneadministrasjonane har undervegs uttrykt støtte til samanslåingsprosessen. Slik Kyrkjevevja ser det er det viktig at kommunane støttar opp om samanslåingsprosessen. Utan støtte frå begge kommunane vil ein ikkje tilrå ein samanslåing.

Forslag til vedtak:

1. Vindafjord Kyrkjelege Fellesråd gir Fellesnemnda fullmakt til å sende inn søknad til Kyrkjerådet om samanslåing av Fellesråda i Tysvær og Vindafjord.
2. Fellesnemnda må vidare parallelt med søknadsbehandlinga hjå Kyrkjerådet setje i gong nødvendige tiltak for å sikre vedtatt tidsplan for samanslåinga.

Sakshandsaming:

Det kom innspel på at prosessen omkring samanslåinga ikkje hadde vore optimal, og at sokneråd, (evt soknemøte), burde vore inne involvert tidlegare. Vil det bli vanskelegare å få folk til å stille i eit felles Fellesråd? Andre innspel var at dette er positivt og kan føre til meir tyngde, då det blir ein større organisasjon. Det er og viktig at felles-økonomien blir ryddig og at Fond som ein har, blir teke vare på.

Vedtak:

Vedtaket blei gjort med handsopprekking.

Punkt 1: 8 stemmer var for, 0 stemmer var mot og 1 stemme var blank.

Punkt 2: samrøystes vedtak

Fellesrådet gir Fellesnemnda fullmakt til å sende inn søknaden om samanslåing.



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESTRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
42/26	Fellestrådet	26.08.26

Økonomirapport

Liste: Ansvar - Teneste - Art	Regnskap	Budsjett	Avvik i NOK
▼ ALLE	-1 072 200	0	-1 072 200
▼ 110000 Kyrkjeleg Fellestråd	-1 072 200	0	-1 072 200
> 0410 Kyrkjeleg administrasjon	-4 215 486	-4 740 936	525 450
> 0420 Kyrkjene	2 548 139	5 146 000	-2 597 861
> 0430 Kyrkjegardar	831 415	-1 440 000	2 271 415
> 0446 Hyrdingen	27 414	0	27 414
> 0449 Kyrkjeleg virksomhet	-263 682	1 034 936	-1 298 618

Me ligg godt an akkurat no, for me har ikkje hatt noko større utlegg ennå. Det blei ikkje betalt ut faktura frå økonomiavdelinga i sommar, og festeavgiftene var heller ikkje blitt sendt ut frå kommunen. Det er meldt inn eit avvik til økonomisjefen. Ting skal vera ajour no.

Utgiftene til straum har vore lavare i sommar, men me ligg likevel an til å gå litt i minus. Forventa inntekter til Hyrdingen er førebels 1/3 av budsjettet.



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
43/26	Fellestrådet	26.08.26

Budsjettframlegg 2027

I samråd med kommunen opererer ein her med ein såkalla deflator. (prisstigning)
Den kommunale deflatoren er berekna til 3,5 prosent for 2026.

I kommunen sitt budsjettframlegg vil ein då leggja til grunn ein gjennomsnittsdeflator på 3,5% i budsjettforslaget til fellestrådet for neste år.

Når me set opp budsjett blir det veldig lite til vedlikehald, så me bør søkje om ekstra milder, og evt ein fast sum til maling av kyrkjer, slik som i Tysvær. (annakvart år)

Rekneskap kyrkjegardane

Utgifter 2025	
Graving	587 800
Plenklypping	621 800
Forbruksmateriell og vedlikehald	170 000
Avgifter, renovasjon	75 000
Andre utgifter	10 000
SUM	1 464 600
Inntekter 2025	
Festeavgifter	1 095 000
Anna inntekt	74 000
SUM	1 169 000
Sum inntekter	1 169 000
Summ utgifter	1 464 600
Skilnad	- 295 600

Rekneskapet gjekk i minus med 295 600 kr i 2025

	2025	2025	2026	2027		
	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett		
Lønnskostnader						
Fast løn	3 592 040	4 100 000	4 250 000	4 300 000	alle stillingar er besatt	
Helgedagstillegg	46 274	60 000	321 000	60 000		
Kvelds/natt/helg	68 339	62 000	64 500	75 000		
Ekstrahjelp	384 453	254 000	0	0		
Godgjersle	69 899	63 000	66 000	71 000		
Pensjonsinnskott KLP	644 786	600 000	711 636	750 000		
Ulykkesforsikring	10 605	14 000	14 500	14 500		
Arbeidsgjeveravgift	643 766	706 410	733 500	700 000		
Utgifter						
Kontormateriell	18 845	10 000	6 500	7 000		
Undervisningsmateriell	3 479	5 000	5 000	5 000		
Utdelingsmateriell	105 217	60 000	62 000	65 000		
Utstyr og Aktivitetsmateriell i arbeid	302 600	376 500	242 300	305 000		
Beverting	62 789	12 000	12 000	60 000		
Forbruksmateriell vare og tenester	77 223	0	0	80 000		
Gåver og heidersteikn	12 607	500	0	5 000		
Post, bank, telefoni og datalinjer	31 224	20 000	22 500	30 000		
Annonse, reklame, inform., repr.	61 419	140 000	100 000	70 000		
Layout og trykk	163 128	100 000	145 000	165 000		
Opplæring, kurs	15 128	30 000	60 000	25 000		
Reiseutgifter	75 579	75 000	75 000	85 000		
Straum/energi	730 093	720 000	795 000	800 000		
Forsikringar	230 955	240 000	300 000	300 000		
Leige av lokalar og grunn	16 550	1 000	0	18 000		
Avgifter, gebyr og lisensar	560 566	420 000	435 000	600 000		
Inventar og utstyr	268 700	15 000	70 000	100 000		
Leige, leasing og kjøp (transportmidle)	339 987	0	0	50 000		
Vedlikehaldsutgifter bygg	780 646	500 590	517 000	100 000		
Driftsavtaler kyrkjegardar og anlegg	916 250	1 230 000	1 270 000	1 300 000		
Materialar til vedlikehald	117 246	0	0	100 000		
Kjøp av konsulentenester, juridisk bistand	333 144	100 000	150 000	250 000		
Kalkulatorisk utgift ved kommunal tenest	495 000	495 000	550 000	550 000		
MVA som gir rett til MVA-kompensasjon	1 055 244	800 000	828 000	800 000		
Avsetjing til bundne fond	44 588	0	0			
				11 840 500		
				0		
Intekter						
Betaling frå deltakarar (eigendelar)	-67 633	-70 000	-72 000	-80 000		
Leigeinntekter og andre tilfeldig inntekter	-75 860	0	0	-105 000		
Festeavgifter	-1 077 330	-1 300 000	-1 300 000	-1 100 000		
Refusjon sjukelønn	-201 742	0	0			
MVA-kompensasjon drift	-1 055 224	-800 000	-828 000	-800 000		
Refusjon frå menigheitsråd og andre	-312 365	-300 000	-302 000	-291 209		
Kalkulatorisk utgift ved kommunal tenest	-495 000	-495 000	-550 000	-550 000		
Tilskott frå staten/statlege institusjonar	-876 537	-840 000	-840 000	-870 000		
Tilskott frå kommunen	-7 015 000	-7 015 000	-7 424 436	-7 684 291		
Tilskott/gåver frå andre	-319 204	-180 000	-284 000	-220 000		
Renteinntekter	-138 215	-110 000	-106 000	-140 000		
Bruk av ubunde fond	-143 500	-100 000	-100 000			
Rekneskapsmessig underskot/meirforbruk	-500 316	0	0			
		-11 140 000	-11 734 436	-11 840 500		

Forslag til vedtak:

Fellesrådet vedtar budsjettforslaget og at det må søkjast om ekstra midler til vedlikehald, evt andre ting.

Sakshandsaming:

Det kom innspel på at budsjettgruppa jobbar vidare med dette. Dei bruker forslaget til kyrkjeverja, men finn ut kor mykje ekstramidler og evt andre innspel som skal med i budsjettforslaget som skal sendast til kommunen.

Samrøystes vedtak:

Budsjettgruppa får fullmakt til å sette opp det endelege budsjettforslaget og sender det inn til kommunen innan fristen.



VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
44/26	Fellestrådet	26.08.26

Vedtak gravplassvedtekter (sjå vedlegg)

Dei nye Gravplassvedtektene har vore ute på høyring. Det er komme inn 2 høyringsinnspel. Det eine gjaldt råd til drenering av Vikedal gravplass, det andre gjaldt å tilføye §5 «vern av gravminne». Statsforvaltaren seier at sidan me ikkje har ein verneplan, kan me ikkje ta med denne paragrafen denne gongen.

Forslag til vedtak:

Fellestrådet vedtek dei nye Gravplassvedtektene slik dei står etter høyringa.

Samrøystes vedtak:

Fellestrådet vedtek dei nye gravplassvedtektene slik dei står etter høyringa.



VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
45/26	Fellestrådet	26.08.26

Vedtak å evt. bruke KLP-premiefond til å betale KLP-innbetalinga sept 26.

Neste faktura frå KLP kjem i september. Fellestrådet kan bruke av premiefondet til å betale denne, men då må det gjerast eit vedtak på dette, om me skal bruke av fondet og evt kor mykje me skal bruka.

Forslag til vedtak:

Ut i frå den noverande økonomiske situasjonen, vil me ikkje gå med noko stort underskot dette året. Økonomiavdelinga anbefaler at me ikkje brukar av premiefondet denne gongen.

Sakshandsaming:

Fellesrådet er usikker på om ei skal bruke KLP-midler eller ikkje. Budsjetgruppe vil vurdere dette.

Samrøystes vedtak:

Fellesrådet gir budsjettgruppa fullmakt til å undersøkje og avgjere om ein skal bruke noko av KLP-premiefondet til å betale den siste KLP-innbetalinga i år.